

Overordna HMS-handlingsplan i Voss herad 2022-2024.

Voss herad skal ha ein kultur for helse, miljø og sikkerheit som er førebyggjande og helsefremmande. Det betyr at me skal sikra:

- eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø
- og ha eit kontinuerleg og systematisk HMS arbeid gjennom aktiv medverknad frå tilsette, verneombod, tillitsvalde og leiarar.

HMS er ei felles oppgåve og vert skapt dagleg i samhandling og dialog. Godt leiarskap og medarbeidarskap er avgjerande for å få dette til HMS er eit leiaransvar på alle nivå og er integrert i all leiing. Verneombodet har ein tilsynsfunksjon og skal vera ein samarbeidspartnar for leiar.

Område	Mål	Handling	Ansvar	Når	Utført
Sjukefråvær	Sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen). Voss herad totalt 7,2% i 2022	<ul style="list-style-type: none"> • Leiarar skal arbeida systematisk med førebyggjande mål om å hindra arbeidsrelatert sjukefråvær • Sjukefråværsstatistikk, HMS rapportar, 10 faktor mfl. dannar grunnlag for prioritering av tiltak på einingane. • Smittevernstiltak <ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre risikovurdering og evaluering av tiltak - Registrering i eksponeringsregister • Opplæring om førebygging og tiltak for nærvær og sjukefråværsarbeid til leiarar og tilsette • Byggje kultur for «leiar før lege» og «sjukefråvær er ikkje ein privatsak 	<p>Leiarar på alle nivå</p> <p>Leiar. Verneombod/ Arbeidsmiljøgruppa som støttefunksjon</p> <p>Leiarar på alle nivå</p> <p>HR (leiaropplæring), leiar (for tilsette).</p> <p>HR. Leiarar på alle nivå</p>	<p>2022</p> <p>2023</p>	
Truslar og vald	Sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø ut frå ei vurdering av faktorar i arbeidsmiljøet som kan verke inn på arbeidstakarane si fysiske og psykiske helse og velferd.	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk arbeid med : <ul style="list-style-type: none"> - førebygging og handtering av truslar og vald mot tilsette - oppfylging av tilsette som har vore utsett for truslar og vald • Alle avdelingar skal vurderer om dei har risiko for at det vert utøvd vald og truslar mot dei tilsette. • Relevant opplæring og øving på områda som er avdekka i risikoanalyse 	<p>Leiarar på alle nivå</p> <p>Leiarar på alle nivå</p> <p>Leiarar på alle nivå Kommunalsjefar etterspør handling hjå sine leiarar</p>	2022	



Overordna HMS-handlingsplan i Voss herad 2022-2024.

Område	Mål	Handling	Ansvar	Når	Utført
10 faktor medarbeidarundersøking	Integrert verktøy for leiar – medarbeidar- og organisasjonsutvikling.	<ul style="list-style-type: none"> Tiltaka frå 10 faktor skal være ein del av den einsskildede eining sin HMS-handlingsplan 10 faktor er tema i Arbeidsmiljøgruppa (AMG) og personalmøte Gjennomføre 10 faktor undersøkinga 	<p>Leiar. Arbeidsmiljøgruppa som støttefunksjon</p> <p>Leiar. HR som støttefunksjon</p>	2022 2023	
Medarbeidarsamtalar	Medarbeidarsamtalen bidreg til meistringstru, rolleklårheit og mål om kompetanseutvikling	<ul style="list-style-type: none"> Det skal gjennomførast medarbeidarsamtalar for alle tilsette Tidspunkt for medarbeidarsamtalar vert sett inn i HMS-årshjulet. Kompetanseplan for tilsette vert utvikla i samtalen. Opplæring om korleis gjennomføre medarbeidarsamtalar. 	<p>Leiar på alle nivå</p> <p>HR (leiaropplæring), leiar (for tilsette).</p>	2022	
Etikk	Me skal vera ein tillitsskapande organisasjon med høg etisk standard.	<ul style="list-style-type: none"> Byggje ein kultur der dei etiske retningslinjene skal trekkast inn i det daglege arbeidet. Etikk skal vera eit punkt i kvar del av leiaropplæringa i heradet. Stabsavdelingane skal knyta eit etisk dilemma til sin del av undervisinga Leiarane skal ha etikk på minimum eit avdelingsmøte årleg og gjera dei tilsette kjend med dei etiske retningslinjene 	<p>Stabsavdelingane Leiarar på alle nivå</p> <p>Kommunalsjefar etterspør resultat</p>	2022	
Omstilling Ipluss 2023	Sikra at det ikkje vert negative effektar av omstilling i arbeidsmiljøet.	<ul style="list-style-type: none"> Avdelingar i omstilling skal gjennomføre risikovurdering for å avdekka om der er konsekvensar for arbeidsmiljø og for dei tilsette Ein brukar gjeldande retningslinje ved omstilling. Bygge endringskompetanse hjå tilsette/ utvikle endringskapasitet i heradet. 	<p>Leiarar på alle nivå</p> <p>Leiarar på alle nivå/ Arbeidsmiljøgruppa som støttefunksjon</p>	2022	



Overordna HMS-handlingsplan i Voss herad 2022-2024.

Område	Mål	Handling	Ansvar	Når	Utført
Avvik	Å oppdaga, melde, retta opp og førebygga brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga. Bruka avvik til kontinuerleg forbetring	<ul style="list-style-type: none"> • Byggje felles kultur med låg terskel for å melde avvik og uønskete hendingar. • Det vert gjennomført systematisk opplæring relatert til meldte uønskete hendingar <ul style="list-style-type: none"> - Individuelt - Organisasjonsnivå • Avvik vert fylgt opp og lagt som grunnlag for tiltak. • Avvik er tema på møte i AMG og på avdelingsmøte. • Kompetanseheving hjå leiarar som skal sakshandsame og fylgje opp meldingane 	<p>Tilsette Leiarar på alle nivå Verneombod/ Arbeidsmiljøgruppa som støttefunksjon</p> <p>Leiarar på alle nivå. Verneombod/ Arbeidsmiljøgruppa som støttefunksjon.</p> <p>HR (leiaropplæring)</p>	Fortløpande	
Kjemiske stoff	<p>Å sikra at tilsette ikkje vert eksponert for helsefarlege kjemikaliar</p> <p>Registrera alle kjemikaliar som er i bruk på kvar arbeidsplass inn i Eco online</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegga og registrera kjemiske stoff som er faremerka i stoffkartoteket • Informera tilsette om kor dei finn sikkerhetsdatablad/verneblad • Gje tilsette opplæring i korleis kjemikaliar som er i bruk verkar på helsa og miljøet. • Gje opplæring til leiarar og aktuelle tilsette 	<p>Leiar. Verneombod som støttefunksjon.</p> <p>Leiar</p> <p>Kommunalavdeling teknisk, systemansvar</p>	2022	

Dokument ID

Utarbeidd av: Rådmannen si leiargruppe / Hovudverneombodet og HMS rådgjevar

Revidert og vedtatt i rådmanne si leiargruppe: 06.12.21

Gjennomgang i AMU: 07.12.21

Saksnummer i 360 online: 21/00714